

# Beredskapsplan

## Sogn og Fjordane Skikrins

Gjeld også alle lag og underliggende organisasjonsledd



15.08.2019

## Innhald

|       |  |   |
|-------|--|---|
| 1.    | Overordna prinsipp .....   | 3 |
| 1.1   | Krise/ hending .....   | 3 |
| 1.2   | Prinsipp for handsaming.....   | 3 |
| 1.3   | Prioritet når kriser/ hendingar oppstår.....                                       | 3 |
| 2.    | Når ei krise/ hending oppstår.....   | 3 |
| 2.1   | Varslingsliste.....  | 3 |
| 2.2   | Organisering av krisearbeidet .....  | 4 |
| 2.2.1 | Beredskapsgruppe.....  | 4 |
| 2.2.2 | Krisesenter.....   | 4 |
| 2.3   | Intern og ekstern informasjon.....   | 4 |
| 2.3.1 | Informasjonsarbeid .....   | 4 |
| 2.3.2 | Handtering av media .....  | 5 |
| 3     | Debriefing og etterarbeid.....   | 5 |
| 3.1   | Debriefing .....   | 5 |
| 3.1.1 | Psykososial hjelpeteneste .....  | 5 |
| 3.2   | Etterarbeid for ansvarleg leiar for SFSK/ arrangør .....                           | 5 |
| 3.3   | Evaluering og revisjon av Beredskapsplanen .....                                   | 5 |
|       | Vedlegg: Varslingsliste ved kriser eller alvorlege ulukker .....                   | 6 |
|       | Beredskapsgruppe 2019-2021 – Sogn og Fjordane Skikrins, tlf. nr. 92 60 14 21 ..... | 6 |

## 1. Overordna prinsipp

### 1.1 Krise/ hending

Ein anser følgjande hendingar å vere dei mest aktuelle for Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) å handsame:

- Ulukke/ brann på eit arrangement/ eller ved reise i samband med arrangement i regi av SFSK, med alvorleg skade eventuelt med døden til følgje.
- Brot på dopingbestemmelsane
- Alvorleg økonomisk misleghald eller andre strafferettslege høve der politi er kopla inn, og der media er eller vil kunne bli informert

Definisjon **Krise** – I tilfelle det er ei større ulukke eller høve der politi er kopla inn

Definisjon **Hending** – Der utøvar/ tillitsvalt blir skada, eller det er brot på dei etiske retningslinjene

### 1.2 Prinsipp for handsaming

Beredskapsplanen omfattar heile organisasjonen, politisk og administrativt på krinsnivå. Planen skal vere kjent for alle i organisasjonen, noko som krev gjennomgang både politisk og administrativt. Det er ein føresetnad at planen inngår som ein del av arrangementstrategien ved alle arrangement nemnt i pkt. 1.1. Oppnemnde hovudleiarar frå SFSK, skal få tilsendt Beredskapsplanen og sette seg inn i denne. Hovudleiarar syter for å ha tilgang til førstehjelpsutstyr, vere førebudd på ei mogleg krise/ hending m.o.t. skader ved alle reiser/ arrangement.

- Organisering av krisehandsaming skal primært følge den administrative linja. Den politiske leiinga inngår i varslingslister og kriseteam. Varslingslista skal alltid følgjast. På den måten ivaretak ein informasjonsflyten både oppover og nedover i organisasjonen.

### 1.3 Prioritet når kriser/ hendingar oppstår

- Redde og sikre menneskeliv
- Ivareta pårørande og dei andre aktørane i SFSK
- Sikre intern og ekstern informasjon
- Sikre materielle verdiar

## 2. Når ei krise/ hending oppstår

### 2.1 Varslingsliste

Ved alvorleg personskade skal MEDISINSK NØDTELEFON – **113** – kontaktast umiddelbart. Dersom det finst kvalifisert førstehjelpspersonell til stades skal førstehjelp startast umiddelbart i påvente av ambulanse. Ved brann må det også varslast på telefon – **110**. For øvrig skal POLITIET – **112** – varslast når det oppstår ei alvorleg hending. Politiet vurderer situasjonen, og iverkset eventuelt samarbeid mellom politi, helseteneste og anna hjelpepersonell.

Når ein situasjon oppstår skal informasjonsstraumen internt i SFSK ivaretakast i høve til varslingslista. Sjå vedlagde varslingsliste for SFSK. Øverste administrative leiar i SFSK skal varsle dei involverte lag/ evt. føresette.

Uavhengig av krisa/ hendinga sin natur og omfang, skal administrasjonssjef og styreleiar alltid informerast. Dette sikrar informasjonsflyten mellom lag, krins og forbund, både administrativt og politisk. I samråd med styreleiar har øverste administrative leiar myndigkeit til å setje i verk Beredskapsplanen og bestemme omfanget av tiltaka. Ved brot på dopingbestemmelser følgjer ein eigne varslingsrutinar nedfelt av Antidoping Norge.

Varslingslistene skal til ein kvar tid vere lett tilgjengelege dokument, med oppdatert kontaktinformasjon.

## 2.2 Organisering av krisearbeidet

### 2.2.1 Beredskapsgruppe

SFSK har satt ned ei beredskapsgruppe som består av 3 personar (administrasjonssjef, styreleiar og nestleiar i krinsstyret). Leiar av greinkomite kan delta i gruppa ved behov. Beredskapsgruppa skal alltid informerast når ei krise/ større hending oppstår (sjå pkt. 1.1).

Beredskapsgruppa skal til ei kvar tid ha oversikt over situasjonen, vurdere alvorlegheitsgrad, moglege konsekvensar og behovet for å setje i verk ulike tiltak. Beredskapsgruppa arbeidar i høve til eigne retningslinjer for oppfølging av involverte og pårørande

### 2.2.2 Krisesenter

Avhengig av krisa sin natur og omfang må det i samråd med politiet vurderast om det skal etablerast eit krisesenter for pårørande. Føremålet er å ta i vare pårørande gjennom best mogleg hjelp, støtte og informasjon. Det bør vere profesjonelt krisepersonell som tek seg av henvendelsar frå pårørande. Alle samtalar skal loggførast med namn, tidspunkt og kva/ kven samtalet gjeld.

Dersom det skjer ei dødsulukke, skal bodskapen gjevast av politiet eller profesjonelt krisepersonell. Politiet bestemmer når namn og bilde kan frigjevast for bruk i media. Dette skjer tidlegast når nærmeste pårørande er underretta.

## 2.3 Intern og ekstern informasjon

### 2.3.1 Informasjonsarbeid

Beredskapsgruppa føretek intern ansvarsfordeling mellom intern- og ekstern kommunikasjon. Tillitsvalde, tilsette og andre berørte skal føle seg tilstrekkeleg informert og ivaretatt med møteplassar for informasjonsutveksling og samtalar.

Det er hovudleiar frå SFSK eller leiar for arrangementet som ansvarleg for at beredskapsgruppa vert gjort kjent med sak, og det skal alltid informerast om hendingar/ kriser der det har vore vesentleg avvik på eit arrangement eller reise i regi av SFSK.

### 2.3.2 Handtering av media

Det er viktig at kun dei som er informert og er utvalt til å snakke med media i den aktuelle saka er dei som uttalar seg på vegne av organisasjonen.

## 3 Debriefing og etterarbeid

### 3.1 Debriefing

#### 3.1.1 Psykososial hjelpeteneste

Debriefinga bør leiast av profesjonelle og gjennomførast 1-2 døgn etter hendinga. Dette skal vere ein samlingsstad for pårørande og involverte. Debriefinga er frivillig, og opnar for samtale kring dei tankar og følelsar som knyter seg til hendinga. SFSK sin administrasjon, kan i samarbeid med Politiet, bistå med å finne aktuelle aktørar til å gjennomføre debriefinga.

Det er viktig at SFSK si leiing er til stades for arrangør, deltagarar og pårørande.

#### 3.2 Etterarbeid for ansvarleg leiar for SFSK/ arrangør

Det skal alltid informerast om hendingar/ kriser der det har vore vesentleg avvik på eit arrangement eller reise i regi av SFSK. Det skal skrivast ein rapport om saka til Krinsstyret, rapporten skal vere administrasjonen i hende seinast 3 dagar etter heimkomst/ arrangementet er avslutta.

#### 3.3 Evaluering og revisjon av Beredskapsplanen

All aktivitet og alle vedtak i samband med krisehandteringsarbeidet skal loggførast på ein slik måte at det kan dokumenterast og arkiverast. Tidspunkt, melding/ vedtak og iverksatte tiltak skal framgå. I etterkant av krisa skal krisehandteringsarbeidet evaluerast. Resultata av evalueringa leggast fram i ein rapport for krinsstyret. Den nye erfaringa ein har tileigna seg gjennom handtering av den oppståtte situasjon skal så brukast til eventuell oppdatering av gjeldande plan.

## Vedlegg:

Varslingsliste ved kriser eller alvorlege ulukker

Beredskapsgruppe 2019-2021 – Sogn og Fjordane Skikrins, tlf. nr. 92 60 14 21

| <b>Namn</b>     | <b>Funksjon</b> | <b>Tlf. nr.</b> |
|-----------------|-----------------|-----------------|
| Ingrid Narum    | Adm. sjef       | 92 60 14 21     |
| Finn Årdal      | Krinsleiar      | 97 09 94 54     |
| Hallvard Nygård | Nestleiar       | 95 19 05 45     |

Andre som kan varslast/ innkallast

| <b>Namn</b>     | <b>Funksjon</b> | <b>Tlf. nr.</b> |
|-----------------|-----------------|-----------------|
| Erik Røste      | President, NSF  | 90 17 78 78     |
| Ingvild B. Berg | Gen. sekr., NSF | 95 11 15 85     |